



# Informasjon frå trimgruppa/barneidrettsgruppa

Trimgruppa og barneidrettsgruppa er samde om å samarbeide om aktivitet for barn og vaksne. Medlem i barneidrettsgruppa er: Ove Morten Skrede, Hildegunn Rand og Ilva Freimanis. Trimgruppa: Wenche Henden, Venche Hammer, Malene Hopland og Rasmus Bersvein Tvinnereim. Vibeke Rand er leiar for begge.

Grunna situasjonen med koronasmitte har det vore minimalt med aktivitet sidan 12. mars, og vi vil sjå korleis situasjonen er til hausten før vi startar opp med organisert aktivitet. Smittesituasjonen har også aktualisert det å få til elektronisk registrering av poeng på fjelltrimpistar. Vi vil forsøke dette i år, med evaluering underveis for å sjå om det fungerar. Dersom det virkar slik det skal, vil det også lette arbeidet med oppteljing og halde styr på poeng. Vedlagt finn de informasjon om korleis ein gjer dette. Informasjonen vil også vere tilgjengeleg på nett, samt henge på dei ulike postane.

Å få til ein aktivitetsdag slik vi hadde i fjar, er ikkje råd å få til med dei tiltaka som gjeld. I staden ynskjer vi å invitere store og små til å gå ein natursti, og samstundes **få ein praktisk demonstrasjon** av den digitale registreringa **søndag 28.06.20**. Oppmøte vert på Ålandsleitet, **og naturstien er open frå kl. 15-17**. Idrettslaget vil grille pølser og dele ut til dei som vil ha. Ynskjer du anna niste/drikke kan du gjerne ta det med sjølv, og nyte i høveleg avstand til andre familiegrupper (det går fint å prate saman med ein meter avstand). Vi kjem til å legge ein midlertidig elektronisk post i enden av naturstien, der nokon kjem til å stå for å hjelpe dykk med registrering ,om de treng det, samt svare på spørsmål. Alle har høve til å sikre seg 1 poeng til fjelltrinnen denne dagen!

# Bruksanvisning for Georeg



- 1) Du må laste ned appen "Georeg" på din smarttelefon (dette kan du gjerne gjere med ein gong)
- 2) Gå inn på [www.georeg.no](http://www.georeg.no) og trykk på registrer. Det vil då kome opp felt du må fylle ut. Dersom du skal registrere konto for barn som ikkje har eigen telefon, skriv du inn fødselsdatoen deira der det står mobilnummer, og fyller inn di eiga e-postadresse.
- 3) Du vil no få ein e-post til di adresse med eit passord til nettsida. Inne på nettsida vil du få ei oversikt over dine poeng.
- 4) Gå inn på appen og trykk øverst der det står "ID" Legg inn ditt telefonnummer. Du er no klar til å registrere deg, når du kjem nær nok posten du vil registrere deg på. Dersom du går saman med barn, kan du berre byte "ID" til fødselsdatoen til det barnet du vil registrere td: 19062015, så kan du registrere denne personen også.
- 5) Du må vere innan ein viss radius til posten for å registrere deg. Skulle du gå tom for straum eller liknande, er det mogeleg å etterregistrere deg på nettet.



Dette er ei prøveordning. Det er lov å kome med tilbakemeldingar, og det er lov å ta kontakt for å få rettleiing eller hjelp med å registrere deg. Når ein registrerer seg får ein automatisk ein pro-versjon i 30 dagar. Etter det kostar det 10 kr per månad dersom du ynskjer det, men det går heilt fint å registrere seg og få oversikt over poeng med den gratis versjonen. Ta kontakt med Vibeke på telefon 99388857 for hjelp, eller send ei melding om du har vore på ein post og ikkje fått registrert deg. Utfyllande informasjon: <http://georeg.no/brosjyre-6.pdf>

**Vi håpar mange finn turen til fjells etterkvart som snøen smeltar, og at  
de vil teste ut denne ordninga i sommar!**

# Natursti og demonstrasjon av Georeg

Trimgruppa og barneidrettsgruppa inviterer til natursti for store og små med start på **Ålandsleitet søndag 28. juni kl. 15-17**. Det vert også demonstrasjon og praktisk bruk av digital registrering av fjelltrimpoeng. Idrettslaget griller pølser til alle som vil ha.

Velkomne til ein kjekk aktivitet for store og små!

## Fjelltrimpostar 2020:

Kleiva 2 poeng (vert lagt ut 15. juni)

Tua 2 poeng (vert lagt ut 20. juni)

Trøftegrø 2 poeng (vert lagt ut 20. juni)

Heidavatnet (**NY post!** Vert lagt ut 15. juni)

Høgefjell 3 poeng (vert lagt ut seinare grunna snø)

Skadervassegga 5 poeng (vert lagt ut seinare grunna snø)

Mosehogane 5 poeng (vert lagt ut seinare grunna snø)

Hennjeskarvatna 5 poeng (vert lagt ut seinare grunna snø)

Holmøyskareggja 5 poeng (vert lagt ut seinare grunna snø)

Glitteregga 7 poeng (vert lagt ut seinare grunna snø)

Heidavatnet kan ein enkelt kome til ved å følgje skogsvegen som tek av frå vegen mot Randastøylen rett etter ferista, eller ved å gå via Bakkeleite og kome inn på den same skogsvegen. Når de kjem til endes, vil det bli merka med raud ulltråd oppover skogen til vatnet. OBS: det er ikkje tilrådeleg å bade i vatnet!